

1. Sally legg 4 myntar inni eit kvadrat laga av fire fyrstikker. Sjå biletet.
Ho vil også lage eit kvadrat der det er plass til 16 myntar.

Kor mange fyrstikker treng ho til et slikt kvadrat?

- (A) 8 (B) 10 (C) 12 (D) 15 (E) 16




Vis korleis de tenkjer her:



2. Eit parallelogram er delt i to delar A og B slik figuren viser.

Kva for eitt av utsegnene nedanfor er riktig?


- A) B har større omkrins enn A
- B) B har mindre omkrins enn A
- C) B har mindre areal enn A
- D) A og B har same areal
- E) A og B har same omkrins



Vis korleis de tenkjer her:

3. Eit kvadrat er delt opp i seks rektangel.
Omkrinsen til desse rektangla er til saman 120 cm.

Kor stort er arealet til kvadratet?




- (A) 48 cm^2 (B) 64 cm^2 (C) $110,5 \text{ cm}^2$ (D) 144 cm^2 (E) 256 cm^2

Vis korleis de tenkjer her:



4. Figuren er laga av kvadrat.
Omkrinsen til heile figuren er 42 cm.

Kor stort er arealet til heile figuren?



- (A) 8 cm^2 (B) 9 cm^2 (C) 24 cm^2 (D) 72 cm^2 (E) 128 cm^2

Vis korleis de tenkjer her:

